



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	

Sakshandsamar:	Sektor samfunnsutvikling og kommunalteknikk	Øystein Sørhaug
	Arkivnr.: 16/268	Klassering:

Industriutvikling vest – driftsstøtte 2017 – 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Formannskapet vedtar å gi driftsstøtte til Industriutvikling Vest i perioden 2017 – 2021 med 150.000kr årleg, herunder totalt 750.000kr i denne perioden.
- Midlane blir henta frå næringsfondet

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet

Industriutvikling Vest (IUV) har sidan 2011 drevet inkubatorverksemd i Nordhordland, som ein del av det nasjonale inkubatorprogrammet til SIVA. IUV har etablert seg i gründerfelleskapet «Dampen» i Knarvik. IUV er veletablert og godt kjend hos eigarar og samarbeidspartnarar.

Sjå elles vedlagt søknad.

IUV ønskjer no å utforme ein ny søknad til SIVA for ein ny inkubatorperiode for 2017 – 2021. Forslag til finansieringsramme er lagt ved i søknaden, men dei har eksplisitt søkt Lindås kommune om 500.000kr årleg i denne perioden. Med deltaking i inkubatorprogrammet vil det følgja ressurser og kapital.

I perioden 2011-2016 har IUV motteke årleg 125.000kr i driftsstøtte frå Lindås kommune, totalt 625.000kr. I tillegg har IUV motteke småtilskot (under 50.000kr) til direkte prosjekterelaterte aktivitetar, som t.d. tilpassing og innflytting i gründerfelleskapet «Dampen» i tillegg til eit innovasjonskurs i samarbeid med Nordhordland Næringslag.

Vurdering:

IUV arbeidar både med forretningsutvikling i eksisterande verksemd men har og eit mottaksapparat for gründerretteiing for heile regionen Nordhordland. IUV er eit av dei viktigaste redskapa og verktøya kommunen har i sitt arbeid med forretningsutvikling og gründerretteiing.

Sidan 2011 har IUV bidrege til etablering av 15 nye selskap i Nordhordland, samt 37 nye arbeidsplassar.

Ambisjonane for den nye perioden (2017-2021) er omfattande, herunder har IUV målsettingar om 25 nye berekraftige etableringar, samt 75 nye arbeidsplassar – i tillegg til å sikre 50 noværande arbeidsplassar. Det er og Lindås kommune si vurdering at det fortsatt er eit uforløyst potensial i å få utvikla enno fleire nye verksemder og arbeidsplassar.

Iht reglar for bagatellmessig stønad kan det bli gitt stønad inntil 200.000 euro fordelt over tre regnskapsår. Ein er soleis i denne saka ikkje i strid med reglar for direkte stønad.

Lindås kommune sitt næringsfond har som føremål å styrke og fremje kommunen sitt arbeid med næringsutvikling samt å fremje, styrke og profilere næringsliv og sysselsetting i kommunen. Vidare har fondet som målsetting å skape fleire nye verksemder og arbeidsplassar, samt vidareutvikle eksisterande verksemder i kommunen. Tiltaket «driftsstøtte til Industriutvikling Vest», vil sikra gjennomføring av både føremål og målsetting.

I fondets punkt 3 står det at stønad berre vert gitt til utviklingsprosjekt, og ikkje til direkte drift. I perioden 2011-2015 har dette prinsippet vert fråveke, då næringsfondet har vert nytta til eit slikt føremål. Ein tek sikte på å fråvike frå dette prinsippet i perioden 2017-2021 og, då det omsøkte prosjektet/tiltaket er av såpass unik, strategisk og prioritert karakter.

Lindås kommune vurderar det som viktig at IUV vert tatt opp i det nasjonale inkubatorprogrammet, og ønskjer å vera med som samarbeidspartnar for å sikra gjennomføring av ein ny periode. Rådmannen tilrår difor stønad til drift pålydande 150.000kr/årleg, totalt 750.000kr i perioden 2017-2021. Midlane vert tatt frå næringsfondet og punkt 3 i retningslinjene vert fråveke.

Vedlagte saksdokument:

Søknad Lindås kommune ny inkubatorperiode 2017-2021 138956 14.11.2016

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost